

# KM 7/02 Kyrkjemøtet sin forretningsorden - VEDTAK

## Kyrkjemøtekomiteen sine merknader:

Komiteen har valt å følgje same struktur i sine merknader som Kyrkjerådet gjorde i si saksutgreiing. Ein vil difor starte med spørsmål knytt til unge sin representasjon på Kyrkjemøtet. Deretter vil ein gjennomgå nokre mindre endringar i forretningsordenen før ein avsluttar med å kommentere dei prinsipielle spørsmåla som er stilt i sakspapira.

## Representasjon av unge på Kyrkjemøtet

Ein samstemd komité vil uttrykkje stor glede og takksemd over det engasjement unge viser i vår kyrkje både her på Kyrkjemøtet, på Ungdommens kyrkjemøte og i dei mange små og store arbeidslag i kyrkja lokalt, regionalt og sentralt. Det er viktig at unge menneske kjenner seg verdsett og til nytte i kyrkja vår, men komiteen vil leggje like stor vekt på det dei unge har å tilføre av kompetanse, erfaring og fornying i ulike samanhengar i kyrkja. Kyrkja har stor nytte av dei unge sine bidrag på alle nivå.

Med dette som utgangspunkt ynskjer komiteen å framheve målet om minst 20% representasjon av unge under 30 år i alle kyrkjelege råd. Komiteen vil difor oppmode Kyrkjerådet og bispedømeråda til å arbeide målretta for å oppnå betre ungdomsrepresentasjon ved neste val av bispedømeråd.

Komiteen er samd med Kyrkjerådet som seier at unge primært skal ha medråderett gjennom ordinære val og oppnemningar. Men så lenge valordningar og praksis ved oppnemningar ikkje gjev dei ynskte resultata, er det naudsynt å sikre ung representasjon på andre måtar. Komiteen ser at det innanfor gjeldande lovverk vanskeleg let seg gjere å gje representantar frå Ungdommens kyrkjemøte fulle rettar som medlemer av Kyrkjemøtet. Fleire av komiteen sine medlemmer ynskjer prinsipielt at desse representantane vert fullverdige medlemmer av Kyrkjemøtet, men ein har valt ikkje å fremje denne saka no. Ein reknar med at desse problemstillingane vert drøfta i det vidare arbeidet med kyrkjeordninga jf KM 9/02.

Fleirtalet i komiteen ynskjer likevel at representantane for Ungdommens kyrkjemøte skal få både tale- og forslagsrett. Ein grunngjev dette dels ved at talerett utan forslagsrett er for lite forpliktande, dels ved at utvida rettar for ungdom kan vere stimulerande og inspirerande for andre unge menneske i

kyrkja og dels ved at det ikkje bør gjelde andre reglar for representantane for Ungdommens kyrkjemøte enn for representantane frå dei teologiske fakulteta. Komiteen vil difor rå til at ein endrar § 1-2 fjerde ledd siste punktum slik: "*4 representanter fra Ungdommens kirkemøte inviteres til å delta på Kirkemøtet, herunder komitémøtene, med tale- og forslagsrett.*"

Eit mindretal i komiteen seier seg samd med Kyrkjerådet si vurdering om at fire representantar frå Ungdommens kyrkjemøte får talerett i plenum og komitear.

Komiteen vil slutte seg til framlegget om å endre § 2-1 (om kven som kan melde saker til handsaming i Kyrkjemøtet) slik at også Ungdommens kyrkjemøte får rett til å melde saker til handsaming i Kyrkjemøtet. Ei slik ordning er med på å auke statusen til Ungdommens kyrkjemøte og samstundes opne for at Kyrkjemøtet kan få viktige impulsar frå ungdommen.

## Mindre endringar i forretningsordenen

Komiteen har drøfta framlegga til mindre endringar i forretningsordenen som Kyrkjerådet har fremja, og komiteen gjev si støtte til desse. Komiteen vil ikkje grunngje dette på nytt, men syner til framlegg til vedtak der alle endringane er presenterte.

Komiteen vil i tillegg gjere framlegg om nokre fleire mindre endringar, i hovudsak av språkleg karakter. Desse vert kommenterte nedanfor:

I forretningsordenen vekslar ein mellom omgrepa "dirigent, dirigentene, dirigentskap og møteleder". Komiteen gjer framlegg om at ein nyttar omgrepet "dirigentskap" ved dei fleste høve. Dette får innverknad på §§ 3-2, 3-3, 7-2, 8-1 og 8-2. I alle desse paragrafane vert omgrepet dirigentskap/dirigentskapet nytta i staden for andre tilsvarende omgrep.

I forretningsordenen vekslar ein mellom omgrepa "medlem" og "representant". Komiteen vil framhalde at medlem av Kyrkjemøte er alle medlemer av bispedømeråda og dei 5 medlemene valt på fritt grunnlag av Kyrkjemøtet (jf kyrkjelova § 24). Representantar er dei som møter i Kyrkjemøtet med visse rettar, men som ikkje er medlemmer. Komiteen vil difor gjere framlegg om ei rekke endringar i forretningsordenen som klargjer dette. Dette gjeld §§ 1-2, 1-3, 5-6, 8-1 og 8-2

### § 1-2

Ein bør nytte omgrepet "leder" i staden for "formann" i heile forretningsordenen, difor gjer komiteen framlegg om å endre første ledd slik: "*Kirkerådet v/leder innkaller medlemmene...*"

Komiteen ser at nemninga "ekspedisjonssjefen i Kirkeavdelingen" kan vere lite smidig i nokre tilhøve. Komiteen vil difor gjere framlegg om å endre dette til: "en representant oppnevnt av Kirkedepartementet".

Komiteen vil også gjere framlegg om å endre formuleringa "det døvekirkelige arbeidet" til "Døvekirkenes fellesråd" jf Forskrift om ordning for døvemenigheter og døveprestjenesten.

I siste ledd siste punktum omtaler ein medlemmene av Kyrkjerådet som ikkje lenger er medlemmer av Kyrkjemøtet. Komiteen gjer framlegg om ei språkleg endring av denne paragrafen som klargjer desse representantane sin status: "Øvrige medlemmer av Kirkerådet deltar i dette Kirkemøtet, herunder komitémøtene, med talerett."

Komiteen vil også gjere framlegg om at same klargjering vert gjort når det gjeld dei tre representantane frå dei teologiske fakulteta. Også desse bør ha rettar både i Kyrkjemøtet og komitémøta.

#### § 1-4

Komiteen vil endre første ledd slik: "*Kirkemøtet et åpent, men kan vedta å holde lukkede samlingar. Vedtak om dette fattes med alminnelig flertall.*" Komiteen grunngjev dette med at Kyrkjemøtet ikkje berre er ope for pressa, men for alle. Det verkar difor ulogisk at ein berre nemner pressa i forretningsordenen. I prinsippet er det ikkje naudsynt å seie at møtet er ope, men det kan vere eit viktig signal ein ønskjer å gje allmenta.

#### § 3-1

Kyrkjerådet har gjeve framlegg om å regelfeste at Kyrkjerådet sin leiar held namneopprop ved opninga av møtet. Komiteen vil gjere framlegg om at direktøren gjer dette.

#### § 5-5

Komiteen har drøfta dei to siste ledda i paragrafen og finn det tenleg å kome med framlegg om visse språklege endringar som klargjer innhaldet i paragrafen. Tredje ledd vert endra til: "*Innstillinger undertegnes av vedkommende komitéleder og saksordfører der hvor slik er valgt.*" Fjerde ledd vert endra slik: "*Det redegjøres for komitéinnstillingen i plenum av saksordfører eller annet medlem av komiteen. I saker hvor komiteen er delt,*

...

#### § 7-2

Gjeldande forretningsorden nyttar i denne paragrafen omgrepene "møteleder". I

samsvar med det som er sagt ovanfor, vil komiteen gjere framlegg om ei språkleg endring slik at første leddet vert endra slik: "*Dersom en dirigent ønsker å delta i diskusjonen, skal vedkommende gjøre dette fra talerstolen mens et annet medlem av dirigentskapet leder møtet.*"

## Nokre prinsipielle spørsmål

Kyrkjerådet har gjort framlegg om å endre § 1-2 fjerde ledd slik at representantar frå Den norske sjømannsmisjon/Norsk kyrkje i utlandet og Døvekyrkja sitt fellesråd misser taleretten i saker som omhandlar eiga verksemd. Komiteen ser det som eit uheldig signal å fjerne taleretten frå desse organisasjonane samstundes som ein gjev dei unge meir innverknad i Kyrkjemøtet. Komiteen vil difor ikkje rá til at taleretten for desse organisasjonane vert fjerna frå forretningsordenen.

Komiteen har merka seg at ein i forretningsordenen gjev representantar frå dei tre teologiske fakulteta særlege rettar. Komiteen er merksam på at det i dag er ei rekke institusjonar som gjev utdanning som kan inngå i presteutdanninga. Komiteen vil påpeike at grunngjevinga for at dei tre teologiske fakulteta skal ha særlege rettar ikkje handlar om presteutdanninga, men om den teologiske kompetanse ein har i dei tre einaste institusjonar som har rett til å tildele graden cand. theol. Dette er også bakgrunnen for at det berre er professorar ved desse tre fakulteta som deltek i avstemminga før utnemning av biskop. Komiteen syner og til kyrkjelova § 29 som krev medlemskap i Den norske kyrkja for professorar ved dei teologiske fakulteta.

Komiteen har også merka seg at forretningsordenen berre gjev medlemmer av det sitjande Kyrkjerådet talerett og ikkje forslagsrett på første Kyrkjemøte i ny valperiode. Komiteen er delt i to når det gjeld synet på dette. Halvparten av medlemmene meiner at det sitjande Kyrkjerådet gjennom førebuingane til Kyrkjemøtet har høve til å fremja sine saker der og difor ikkje treng forslagsrett. Den andre halvparten meiner at argumenta for å sjå tale- og forslagsrett under eit også bør gjelde for det sitjande Kyrkjerådet. Komiteen vel difor å fremje ei delt innstilling i denne saka (sjå framlegg til vedtak pkt 4)

Komiteen finn det, i likskap med Kyrkjerådet, ikkje tenleg å ta inn ytterlegare reglar om habilitet i Kyrkjemøtet sin forretningsorden. Komiteen vil heller ikkje gjere framlegg om endringar som tek særleg omsyn til mindretal i kyrklelege organ, men komiteen gjev sin støtte til framlegget om at det vert arbeidd vidare med dette.

Endringar i forretningsordenen må settast i kraft til ei fastsett tid. Komiteen gjer difor framlegg om eit eige punkt i vedtaket der kor ein fastset at endringane i forretningsordenen gjeld frå 10. november 2002 (dagen etter at

Kyrkjemøtet er avslutta).

## Kyrkjemøtet sitt vedtak:

I Kyrkjemøtet sin forretningsorden vert det gjort desse endringane (Ny tekst er markert med *kursiv*):

1.

§ 1-2 første ledd skal lyde:

Kirkerådet v/*leder* innkaller medlemmene av Kirkemøtet senest 5 uker før møtet. Saksliste og saksdokumenter skal følge med innkallingen.

2.

§ 1-2 fjerde ledd skal lyde:

"De tre teologiske fakultetene innbys til å oppnevne en fast representant hver til å ta del ved Kirkemøtet, herunder komitémøtene, med tale- og forslagsrett. Kirkerådets direktør, generalsekretæren i Mellomkirkelig råd, generalsekretæren i Samisk kirkeråd og en representant fra Kirkeavdelingen i Kirkedepartementet har talerett i møtet. En representant for Den norske sjømannsmisjon/Norsk kirke i utlandet og en representant for Døvekirkenes fellesråd har talerett i saker som angår egen virksomhet. Representanter fra kirkesamfunn som Den norske kirke har kirkefellesskap med, inviteres til å overvære Kirkemøtet, herunder komitémøtene. Kirkerådet avgjør, etter forslag fra Mellomkirkelig råd, hvilke kirker som skal inviteres det enkelte år. 4 representanter for Ungdommens kirkemøte inviteres til å *delta på* Kirkemøtet, herunder komitémøtene, *med tale- og forslagsrett.*"

3.

§ 1-2 tredje ledd skal lyde:

"Hvis et medlem har forfall for to dager eller mer, innkalles i stedet *varamedlem* for hele møtet. *Varamedlem* kan ikke innkalles for deler av møtet.

4.

§ 1-2 femte ledd skal lyde:

"De medlemmer av Kirkerådet som er valgt på fritt grunnlag, er ordinære medlemmer av det første Kirkemøtet i den påfølgende perioden. Øvrige medlemmer av Kirkerådet deltar i dette Kirkemøtet, *herunder komitémøtene, med tale- og forslagsrett.*"

5.

§ 1-3 første ledd skal lyde:

"*Kirkerådet forbereder og tilrettelegger saker som skal behandles av Kirkemøtet, iverksetter Kirkemøtets beslutninger og leder arbeidet mellom Kirkemøtets samlinger, jf. kirkeloven §§ 24 og 25.*"

6.

§ 1-3 andre ledd vert flyttet til nytt siste ledd i same paragraf, som då vil lyde:

"Når Kirkemøtet utformer en hilsen, skal denne underskrives av dirigentskapet."

7.

§ 1-3 femte ledd andre punkt skal lyde:

"De medlemmer *og representanter* som er tilstede under møtet"

8.

§ 1-4 skal lyde:

"*Kirkemøtet et åpent, men kan vedta å holde lukkede samlingar. Vedtak om dette fattes med alminnelig flertall.*

Møter i komitéene er lukket. Kirkemøtets medlemmer *og andre som eventuelt er til stede* har taushetsplikt om *andres* synspunkter fremkommet i lukkede samlinger og ellers etter nærmere bestemmelse av møtet."

9.

§ 2-1 første ledd skal lyde:

"Følgende instanser kan anmelde saker til behandling av Kirkemøtet:

Regjeringen,

*Kirkedepartementet,*

Kirkerådet,

bispedømmerådene,

medlemmer av Kirkemøtet,

Bispemøtet

*Ungdommens kirkemøte.*"

10.

§ 3-1 tredje ledd skal lyde:

"Kirkemøtets åpning foretas av Kirkerådets *leder*, som også leder møtet frem til dirigentskapet er valgt."

11.

§ 3-1 nytt fjerde ledd skal lyde:

*"Direktøren foretar navneopprop."*

12.

§ 3-2 tredje ledd fyrste punktum skal lyde:  
"Dirigentskapet velges med vanlig flertall."

13.

§ 3-2 nytt siste ledd (flytta frå tidlegare § 3-3 første ledd) skal lyde:  
"Dirigentskapet overtar ledelsen av møtet så snart valget er avgjort."

14.

Ny § 3-3 skal lyde (andre og tredje ledd er flytta frå tidlegare § 6-4):  
"Dirigentskapet leder godkjenning av innkalling og saksliste for møtet.  
Under konstitueringen kan medlemmer fremme forslag om ekstra saker til  
behandling, såfremt det kan godtgjøres at sakene er foranlediget av en  
kirkelig og/eller samfunnsmessig situasjon som ikke forelå da  
anmeldelsesfristen for saker utløp.

Forslagsstilleren gis anledning til å komme med en kort saksorientering med  
begrunnelse, før Kirkemøtet avgjør om saken skal komme til behandling.  
Slike saker må også komitébehandles på vanlig måte før de kommer tilbake til  
plenum med de respektive komitéers innstillinger.  
Møtet kan innvilge talerett til personer som ikke er medlemmer av møtet, etter  
forslag fra *dirigentskapet*."

15.

Ny § 3-4 skal lyde (flytta frå tidlegare § 3-3):

"Møtet velger tellekorps, protokollkomité og valgkomité.  
Tellekorpsset skal bestå av 5 representanter fra sekretariatet.  
Protokollkomitéen skal ha 3 medlemmer, med personlige varamedlemmer, og  
Valgkomitéen 5 medlemmer, med personlige varamedlemmer, som  
Kirkemøtet velger innen sin midte.

I det første møtet i perioden velges fire år medlemmer av  
Protokollkomitéen, Valgkomitéen og Kirkemøtets øvrige komitéer.  
Protokollkomitéen skal godkjenne og underskrive Kirkemøtets  
vedtaksprotokoll ved avslutningen av Kirkemøtet.  
Protokollkomitéen skal påse at Kirkerådets avgjørelser er i samsvar med  
Kirkemøtets vedtak. Protokollkomitéen skal gjennomgå Kirkerådets og  
Arbeidsutvalgets forhandlingsprotokoller og legge fram innstilling for  
Kirkemøtet."

16.

§ 4-1 andre ledd vert oppheva (vert flytta til nytt fjerde ledd i § 5-1).

17.

Nytt fjerde ledd i § 5-1 skal lyde:

"Komitéene arbeider mens Kirkemøtet er samlet. Når et flertall i en komité i ekstraordinære situasjoner ber om å komme sammen forut for et Kirkemøte, innkalles komitéen etter vedtak i Kirkerådet."

18.

§ 5-5 tredje og fjerde ledd skal lyde:

"Innstillinger undertegnes av vedkommende komitéleder og *saksordfører der hvor slik er valgt*"

"*Det redegjøres for komitéinnstillingen i plenum av saksordfører eller annet medlem av komiteen.* I saker hvor komiteen er delt, kan en representant for mindretallet gi en nærmere begrunnelse for dette standpunkt i plenum. Denne gis samme taletid som flertallets representant."

19.

§ 5-5 første ledd skal lyde:

Det føres protokoll fra komiteens møter, hver sak for seg. I protokollen anføres dato for møtet, tilstedevarende medlemmer *og representanter, saksdokumenter* og komiteens hovedstandpunkter og beslutninger i den grad disse ikke framgår av saksdokumentene og komiteens innstilling."

20.

§ 6-3 tredje ledd skal lyde:

"Saker av stor prinsipiell og praktisk betydning skal komme til behandling i minst to atskilte plenumssamlinger."

21.

§ 6-4 vert oppheva (vert flytta til § 3-3). Dei neste paragrafane vert nummererte i tråd med dette (§ 6-5 vert 6-4 og 6-6 vert 6-5).

22.

§ 6-5 første ledd vert oppheva.

23.

§ 7-2 første ledd skal lyde:

"Dersom *en dirigent* ønsker å delta i diskusjonen, skal *vedkommende gjøre dette fra talerstolen mens et annet medlem av dirigentskapet leder møtet.*"

24.

§ 7-3 andre ledd andre punktum skal lyde:

"Er det nødvendig, kan Kirkemøtet likevel fatte vedtak om dette."

25.

§ 8-1 femte og sjette ledd skal lyde:

"Hvis det foreligger flere forslag, setter *dirigentskapet* hvert av dem under avstemning i logisk rekkefølge.

Et *medlem* som ikke er til stede når *dirigentskapet* erklærer at en sak er tatt opp til voting, deltar ikke i avstemningen. De *medlemmer* som er til stede, må ikke forlate salen før votingen er ferdig."

26.

§ 8-2 bokstav a skal lyde:

Ved at *dirigentskapet* oppfordrer de *medlemmer* som er for/mot forslaget om å vise stemmetegn. *Dirigentskapet* kan også åpne for kontravotering.

27.

§ 8-2 bokstav b skal lyde:

"Ved navneopprop.

Denne avstemningsmåten kan brukes i viktige saker når det er grunn til å tro at meningene er delte.

Hvis *dirigentskapet* mener det ikke er nødvendig med navneopprop, men et *med medlem* setter frem krav om det, avgjør møtet voteringsmåten uten debatt ved avstemning etter pkt. a. Avgjørelse om dette fattes med alminnelig flertall."

28.

Desse endringane i forretningsordenen gjeld frå 10. november 2002.